



---

# Notat

---

## Emne: Referat frå 2.møte i arbeidsgruppa

4 mai

Tilstades: Edgar Grindheim, Eivind Børilden, Kari Kvammen, Andre Michelsen, Kristine Born

Forfall: Øyvind Ullestad (forhandsvarsla frafall)

### Sak 1: Telling

Det er gjennomført telling i alle områder untatt Askeland. Kristine sammenstiller data og sender ut med referat og legg ut på heimesidene.

Det telles på litt ulik måte så vi kalibrer oss mot felles telling av noen få, faste og oversiktlige punkter.

Vi gjennomfører same telling også gjennom sommersesongen. Datoene for telling vert:

21. mai, 25 juni og 23 juli. Det sendes ut nytt skjema med kollone for antall unger sett.

Vi hører og med Oddmund Solbakken om han kan være interresert i å gjøre ein sommer teljing frå båt av hekkebestanden. Her vil målet vere å få eit intrykk av hekkebestanden og av kullstørrelse. Om han eller andre skulle vere interesert må det utarbeides ein «tellerute» basert på god lokalkunnskap.

### Sak 2: Jaktorganisering

Først og fremst må vi innarbeide tidlig jakt i planen, slik at gåsejakt kan være atraktivt og i minst mogleg konflikt med hjortejakta og trekket til gåsa. Fylkesmannen kan godkjenne intil 15 dager tidligare jaktstart ved godkjent plan.

Hvordan få organisert jakt?

Det er grunneigarene som sit med jaktretten og dei bør kontaktes med informasjon og oppfordres til å gi lov til gås og småviltjakt. Det er lurt å bruke dei orgaisasjonanae som er etablert til å formidle informasjonene ut til grunneigar grupper t.d hjortevald, grunneigarlag, fiskelag, krinser ol.

Sak 3 : Tiltak vi ønskjer i planen vår

Jakt: tidligjakt og moglegheit for skadefelling frem mot 10/4 er ønska tiltak. Fylkesmannen har gitt klare føringer for at skadefelling av gås etter 1. april vert ikkje akseptert frå 2017. Tidlig jakt er ein forutsetning for at vi skal klare å få litt kontroll på bestanden av gås i våre kommuner.

Punktering av egg: eit lokalt tiltak der bøndene plages mest, kan spare noe av håslåtten. Meir intensiv forvaltning der ein ikkje ønskjer gås.

Skremmetiltak: Lokalt på fedje har ein gode erfaringer med «ørn-på-stang» om han flyttes ofte.

Eivind har og gode erfaringer med tråder over bøen for å hindre innflyging.

Gjerding mellom friområder med vann og slåtte mark som skal spares. Arbeidsgruppa har tru på at gjerding, sesongbaserte og midlertidige gjerder, kan være effektive mot beitande gjess i mytingstida og mot gjess med unger. Vi snakker om type gjerde: 2 elektriske tråder, sikringsgjerder (1/2) ol.

Kritisne foreslår å lage eit kart kor slåttemark og beite (innmark) er inntegna. Dei feltene av dette som ligg nærare hav eller vann enn 15-20 m. vert ein del av friområdet og det gjerdes i perioden 1 april – 1 august. Sjå vedlagt skisse.

Hos oss kan det være enklare å definere skremmeområdene, enn friområdene.

Vi snakker og litt om kompensasjon for slike tiltak. Det er trolig berre viltfond som kan støtte slike tiltak. Eventuelt om dei midlane som er gitt til planarbeid kan nyttas til stønad for innkjøp av div skremmeutstyr.

#### Sak 4: Fremdriftsplan

Kristine forsøker å få eit forslag til plan med den kunnskapen vi sit på nå klart før ferie (juli). Så prøver vi å sende til fylket for tilbakemeldinger.

Folkemøte bør kome når vi har eit konkret forslag til tiltak og plan, t.d i høringsperioden.

Neste møte vert torsdag 16/6 kl. 9-11.

---

Saksbehandler: Felles landbrukskontor for Fedje - Austrheim - Radøy/Kristine Skaiaa Born

Vår referanse: 15/709 - 16/6236 / Komnr - 1265, Komnr - 1264, Komnr - 1260

Dato: 09.05.2016